



Averøy kommune
Postboks 152, Bruhagen
6538 AVERØY

Averøy kommune Kommuneplanens arealdel 2016 – 2028 Fråsegn til offentlig ettersyn - motsegn

Fylkesmannen viser til Dykkar brev av 04.04.2016, der kommuneplanen sin arealdel 2016 - 2028 blir lagt ut til offentlig ettersyn, etter vedtak i Formannskapet, sak 18/2016 den 09.03.2016.

Generelt

Bak planutkastet ligg eit systematisk og grundig arbeid. Samla arealdel omfattar plankart, føresegn/retningslinjer og planomtale. Vi vil gi ros til kommunen for å ha gjort eit godt sorteringsarbeid av innkomne innspel, der forslag som klart er i strid med føringar, retningslinjer og kommunens strategiar ikkje er tatt inn i planen.

Dei grepa som er gjort i arealdelen speglar i stor grad dei utfordringane Averøy står overfor, jamfør samfunnsdelen. Samling av ny næringsaktivitet i få men større næringsareal kan i større grad føre til at ein ikkje blandar ulike interesser saman meir enn naudsynt. Kommunen har også ut frå ei behovsvurdering arbeidd ut frå at det ikkje er naudsynt å etablere større nye bustadområde i kommunen komande planperiode. Det er likevel opna for mindre bustadområde der det tidlegare var større LNF-område med høve til spreidd busetnad eller spreidd fritidsbustad. Dette er grep som gjerne betrar arealutnyttinga og i større grad hindrar framtidig konflikt mellom eit aktivt landbruk og buinteresser.

Kommuneplanen er kommunens viktigaste verktøy for samfunnsutvikling og planlegging, og det er positivt at Averøy kommune har arbeidd fram ein ny samfunnsdel før arealdelen blir lagt ut til offentlig ettersyn. Vi saknar likevel ei meir tydeleg kopling mellom samfunns- og arealdelen. Eit viktig mål for arealdelen er å vise samanhengen mellom samfunnsutviklinga slik dette er gjort nærare greie for i samfunnsdelen og kva ulike utslag og behov dette gir for arealbruken.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, samt mellom anna legge retningslinjer og pålegg frå nasjonale og regionale myndige til grunn. Konsekvensutgreiinga har tatt høgd for nye nasjonale og regionale føringar som har kome til etter at planprogrammet vart vedtatt. Som eit tillegg til kommunen si opplisting vil vi peike på at *Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging*, som kom i ny form i 2014, også høyrer til på lista.

Konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga (KU) er systematisert etter innspel til kommuneplanen. Fleire av innspela er justert av kommunen, noko som fører til at svært mange av utbyggingsområda ikkje er konsekvensutgreidd som vist i plankartet. Nemninga på utbyggingsareala gitt i plankartet er ikkje å finne i konsekvensutgreiinga. Vi saknar også opplysning om kor stort kvart enkelt utbyggingsområde er etter justering. Vi gjer merksam på at konsekvensutgreiinga ikkje skal vere ei innspelsvurdering, men ei utgreiing av dei faktiske utbyggingsområda som er tatt inn i plankartet.

Natur- og miljøvern

Motsegn:

Barn og unge - leikeareal

Vi viser til Fylkesmannen si satsing «Betre oppvekst», der vi set eit særleg fokus på barn sine interesser på alle arbeidsfelt der Fylkesmannen har ei rolle. I plansamanheng fører dette til eit skjerpa fokus på leikeareal generelt, og nærleikeplassar spesielt. Nærleikeplassane er til for dei aller minste barna frå 0-6 år, som er avhengig av at leikeareala ligg relativt nært til der dei bur. Slike felles leikeareal kan også gjere nytte som møteplassar for både barn, vaksne og eldre. Vellykka bruk vil gjerne vere avhengig av kva leikeapparat, benkar o.a. som finst. Konkrete funksjons- og rekkefølgekrav i plan vil sikre at leikeareala blir utrusta og opparbeidd.

Averøy kommune har i føresegn § 1.7 til kommuneplanen ønska å sikre barn og unge sine interesser i planlegginga. Det er gitt krav om minst 2 dekar stort leikeareal (fordelt på fleire område og med minimumsstorleik på 100 m² per leikeareal), og at nærleikeplassen skal tene bustader i 200 m radius. Det er gitt funksjonskrav, og kvalitets- og lokaliseringskrav. Forslag til føresegn sikrar at leikeareal blir lokalisert på eigna stad, og med ei minimum av opparbeiding.

For at føresegna til kommuneplanen skal vere samstemt med føringane gitt i *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen* må følgjande moment takast inn i planen:

- Ved regulering må areal til leikeplass(ar) vere sikra i plankart og føresegner.
- Kravet til leikeplass gjeld ved bygging av 5 bustader eller meir.
- I nye bustadområde skal det vere minimum 50 m² per bueining til leikeplass og andre friområde.
- Innan 50 m frå alle bueiningar skal det vere ein nærleikeplass på minimum 200 m².
- Maksimalt 20 bueiningar per nærleikeplass.
- Det må bli gitt rekkefølgekrav som sikrar at nærleikeplass(ar) blir opparbeidd innan første bustad kan takast i bruk. Ei slik formulering vil føre til at leikeplassen blir opparbeidd saman med anna infrastruktur, og kostnadane blir fordelt på alle bebruarane.

Vi rår til at kommunen også tar inn krav om kvartalsleikeplass innan 150 m frå alle bueiningar. Storleik bør vere minimum 1500 m².

Fylkesmannen har **motsegn** fram til føresegn § 1.7 er i tråd med føringane gitt i RPR barn og unge.

Støy

Vi viser til *Retningslinje for støy i planleggingen T-1442/12*, og rettleiar *M-128*.

I T-1442/12 punkt 2.5 omtalar synleggjering av støykjelder. Det er svært viktig at større støykjelder visast i kommuneplankart eller som eige temakart forankra i føresegna ved etablering av nye bustader eller annan busetnad med støyfølsamt bruksformål ved eksisterande eller planlagt støykjelde. For støykjelder der støyrapport ligg føre, kan denne danne grunnlag for visualiseringa. Støykjelder utan detaljert støykartlegging må vise støysone som sjablong. Typiske støysoner er kring næringsareal, område for råstoffutvinning, skytebanar, vegar, baner for motorsport og liknande.

Det blir rådd til å lage føresegner om støy til arealdelen. Føresegnene kan både vere generelle og uavhengig av arealformål (§11-9) og det kan lagast føresegner knytt til bestemte arealformål (§11-10). Vi ser at Averøy i sine føresegner har støykrav til næringsareal, men ikkje til andre aktuelle byggeformål. Vi rår til at dette kjem på plass anten som ei generell føresegn om støy, eller ved at alle byggeområde der det er aktuelt får støykrav i føresegna.

Generelle planføresegner må vise til retningslinje T-1442 og grenseverdiane gitt der og det kan bli gitt eit generelt utgreiingskrav for støy. Det er viktig å sikre at støy blir utgreidd i alle planer og tiltak som blir påverka av støysonene, noko som er naudsynt for å sikre at det blir tatt omsyn til støy også i eldre reguleringsplaner og i enkeltsaker som ikkje krev ny plan. Vi har **motsegn** fram til støy er synleggjort i kommuneplanen som omsynssone eller i form at temakart. Framstillinga bør normalt dekkje heile kommunen, og vere ein del av det digitale kommuneplankartet. I tillegg må det bli gitt konkrete støykrav i føresegnene som skal gjelde ved etablering av ny støyande verksemd og etablering av nye bustader eller andre bygg med støyfølsam bruksformål ved eksisterande eller planlagde støykjelde.

Område 11 – Kvernes – bebyggelse og anlegg (skyttebane) SB1/SB2

Skytebanen er lokalisert ikkje så langt frå Kvernes, der også Kvernes kulturområde er lokalisert, jamfør kultur og identitet omtala i planprogrammet. Kvernes er eit av dei fremste natur- og kulturbaserte attraksjonar i kommunen, saman med Atlanterhavsvegen.

Innspelet gjeld utviding av eksisterande skytebane, som er lokalisert eit stykke frå busetnad og museum. I konsekvensutgreiinga er det slått fast at det er naudsynt å foreta støykartlegging.

Støy må visualiserast i kommuneplanen, anten i temakart eller som omsynssone i plankartet. Med krav til regulering for område 11 (SB1/SB2) kan kommunen krevje at støy blir utgreidd og naudsynte støytiltak blir forankra i plan. Vi har **motsegn** til manglane krav til regulering.

Område 74; 75 – Helset - Grønstruktur med tursti, parkering og toalett

Helsetelva renn inn i vatnet frå vest, medan Åelva renn ut av vatnet i aust. Helsetvatnet er i følgje Naturbase ein *rik kulturlandskapssjø*, verdisatt til *viktig* (B) men tenderer mot svært viktig (A). Viktig hekke- og rasteplass for ender og vadefugl. Sivsongar er truleg hekkande her. Lokaliteten er yngleområde for storspove med raudlistestatus *truet art* -

sårbar (VU), samt vipe som er i kategorien *sterkt truet* (EN). Vatnet er også beitestad for songsvane. I vatnet veks mellom anna sverdlilje og sjøsivaks, langs land engmarihand.



Veg, traktorveg og sti gjer at folk allereie i dag nyttar området kring vatnet som turområde. Ein må rekne med auke i bruken med auka tilrettelegging med tursti, gapahuk, parkering o.a.

I følge Naturbase er det best for naturverdiane å unngå inngrep i eller heilt inntil vatnet.

Kommunen bør difor sjå etter alternativ lokalitet som kan stette ønskje om ein stad for universelt utforma og tilrettelagt areal for friluftsliv. Alternativt er at kommunen allereie i kommuneplanen avgrensar eit mindre areal som kan nyttast for tilretteleggingstiltak, noko som krev ei utgreiing av konsekvensane tiltaket kan få på naturverdiane i og kring vatnet.

Av omsyn til naturverdiane i område har Fylkesmannen **motsegn** til at området kring Helsetvatnet blir *grønstruktur (park/ friområde)*, med føringar om tilretteleggingstak.

Faglege råd:

Område 92 – Ekkilsøya – naust

Det aktuelle arealet er lokalisert like nord for brua over til Ekkilsøya, og ligg mellom to eksisterande naustområde. Eksisterande naust er bygd ut i sjøen og med flytebrygger i framkant.

Det er ei steinete strand på staden som er vurdert å vere mindre eigna til ferdsel og opphald. Å etablere naust her vil samle inngrepa i strandsona i tråd med *Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjø*. Ein bør likevel vere merksam på å halde einskilde korridorar opne slik at ålmenta fortsatt kan få tilgang til sjøen. I tillegg vil vi rå frå til at det blir lokalisert naust på ein stad der det er behov for fylling i sjø og/eller flytebrygge framfor kvart naust for at naustet skal fungere som lager for båt og vegn.

Område 122 - Henda – næring NO-5

Området er lokalisert sør for Hasløysundet. Det er i samsvar med kommunen sin strategi at eksisterande næringsområde kan utvidast. Foreslått areal har ikkje registrerte

naturverdiar, men det er berre om lag 600 m til næraste kystlynghei, samt strandeng og strandsump og brakkvasspoller (Ostervatnet). Sør for NO-5 ligg Hendvågen strandeng og strandsump, der gråhegre og sangsvane beitar heile året.

Det er oftast positivt å samle næringsaktivitet i større næringsområder unna bustadområde o.a. Å stille krav til detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing gjer at vurdering av verknader kan takast opp att ved seinare regulering. Likevel burde det allereie ved konsekvensutgreiing i kommuneplanen vore gjort ei grov vurdering av verknader i høve naturverdiane som ligg i nærleiken til NO-5.

Område 102 – Sveggen/Ytre Seivågen – næring NO-8

Arealet ligg nært til *Sveggen bustadområde* og *Ytter Sveggen bustadområde*, og er del av eit område som kan vere eigna som sjønært turområde i nærmiljøet.

Å legge til rette for næringsaktivitet tett opp til to større bustadområde kan skape framtidig konflikt av omsyn til støy, ålmenn ferdsel i strandsona og landskapsomsyn. Kommunen bør vurdere om behovet for eit næringsareal her er større enn ulempene. Næringsarealet er ikkje stort, men vi vil likevel minne om at krav til regulering kan gi god kontroll på eventuell framtidig etablering av støykjelde på næringsarealet.

Byggeforbod langs viktige vassdrag

Pbl. § 1-8, siste ledd set krav om at for område langs vassdrag som er viktige for natur-, kulturmiljø- og friluftsliv, skal kommuneplanen sin arealdel sette av ei sone på inntil 100 meter der bestemte tiltak ikkje skal vere tillatne. Vi kan ikkje finne at kommunen har gjort ei vurdering av om det er vassdrag/vassførekomstar i kommunen som bør få eit særleg vern. Fylkesmannen har for sin del ikkje kjennskap til konkrete vassførekomstar i kommunen som fell inn under § 1-8, siste ledd. Vi vil likevel be kommunen ta inn i planomtalen ei enkel vurdering av om det finst vassdrag eller vassførekomstar i kommunen som har behov for særskilt vern etter § 1-8.

Arealbruk i sjø - Småbåthamn/-anlegg

I kommuneplanen er det forslag om 2 nye småbåtanlegg/hamner og fleire naustområde. Averøy er ein kystkommune der mange driv sjønært friluftsliv. Av konsekvensutgreiinga går det fram at arealbruk i sjø skal fastsetast i *Felles Sjøarealplan for Nordmøre*, og at kommuneplan 2008-2018 skal gjelde for sjøareala til denne er vedtatt. Det er svært viktig at *Felles Sjøarealplan for Nordmøre* samsnakkar med arealdelen, slik at tilstrekkeleg med felles båtanlegg/småbåthamner kjem på plass, og dermed redusere utbyggingspresset i strandsonen. Arealdelen kunne med fordel ha drøfta behovet for båtanlegg i kommunen.

Landbruk

Jordvern er sterkt i fokus frå nasjonalt mynde, og regjeringa laga ein nasjonal jordvernstrategi som Stortinget behandla den 8. desember 2015. I vedtaket fastsette Stortinget eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar, og bad om at målet nås gradvis innan 2020, jf. Innst. 56 S (2015-2016). Kommunane har ei viktig rolle i å følgje opp dette målet i si planlegging, gjennom å lage gode kommunale planar og behandle saker etter plan- og bygningslova og jordlova.

Fylkesmannen er nøgd med at Averøy kommune har teke nasjonale retningslinjer og oppgåva som den viktigaste jordvernmynde på alvor. Dette synest ved at dei fleste innspel ikkje er teken inn eller justert i kommuneplana grunna konflikt med jordvernet, og at områder med jordbruksareal er angitt som omsynssone landbruk (H510). Vidare er det positivt at fleire områder med arealformål LNF med tillat spreidd busetnad er endra til

vanlig LNFR og delvis erstatta med mindre områder avsett til bustad. Tilsvarande har nokre områder fått endra arealformål frå LNF med tillat spreidd fritidsbustadbygging til vanleg LNFR. Fylkesmannen er også positiv til kommunen sin halding om å nytte allereie regulerte bustadfelt og fortette eksisterande bustadområder før det takast i bruk heilt nye områder.

Utover dette har ikkje Fylkesmannen merknader til planforslaget med føresegner.

Samfunnstryggleik

I samband med arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, er det utarbeidd ein forenkla ROS-analyse. Sjølv om analysen er ein forenkla versjon, meiner vi den gjev god informasjon om mogleg risiko og sårbarheit i kommunen. Vidare kjem analysen med gode forslag til tiltak for å sikre trygg arealbruk i kommunen. Fleire av desse tiltaka visast derimot ikkje igjen i plankartet eller planføresegnene.

Det er gjort ei vurdering av stormflofare, inkludert havnivåstiging i ROS-analysen. Der er det mellom anna kome fram til at bygg der overfløyming har middels konsekvens (F2) ikkje bør plasserast lågare enn kote tre. Vi meiner kommunen sin vurdering av tilstrekkeleg trygg høgde må inn som eit krav i planføresegnene. Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vidare ser vi òg at det blir skrive at bygg som naust kan bli skada av høg vasstand. Vi vil derfor rå kommunen til òg å sikre at tiltak i tryggleiksklasse S1 (som naust), blir sikra med krav til kote.

I ROS-analysen kjem det fram at kommunen har planlagt å kartlegge område med fare for kvikkleireskred og snøskred i løpet av neste planperiode. I mellomtida blir det referert til NVE sine aktsemdskart. I planføresegnene står mellom anna følgjande: «I aktsomhetsområder for steinsprang og snøskred, jord- og flomskred og kvikkleire i Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt skredatlas skal det minimum gjøres en faglig vurdering av sikkerheten før detaljreguleringsplan kan godkjennes eller tillatelse til tiltak kan gis. Om nødvendig skal avbøtende tiltak iverksettes.» Fylkesmannen vil her vise til § 3-4 i plan- og bygningslova, som mellom anna seier dette: «Område med fare, risiko eller sårbarheit avmerkes i planen som omsynssone, jf. §§ 11-8 og 12-6». Vi meiner derfor at det ikkje er tilstrekkeleg å vise til NVE sitt skredkart. Kommunen må merke aktsemdssonene i eige plankart. Dersom kommunekartet får mange omsynssoner som gjer kartet vanskeleg å lese, kan vi godta juridisk bindande temakart. Inntil kommunen har merka aktsemdssoner for skred i eige kart som omsynssoner, med tilhøyrande føresegner, har Fylkesmannen **motsegn**.

ROS-analysen skildrar kort faren for flaum i kommunen. Spesielt faren for at skogveggar kan endre vasslaupet er skildra. Analysen skildrar ikkje forslag til tiltak for å handtere faren for flaum i planlegginga. Klimaendringar gjer at vi kan vente meir og hyppigare nedbør med styrtregn. Dette får konsekvensar for flaumfaren, spesielt i små vassdrag og bekkar. NVE sin rettleiar «Flaumfare langs bekkar» skildrar korleis kommunen kan greie ut og markere areal med potensiell fare utanfor kjende aktsemdsområde og fareområde. Vidare står det i rettleiaren «Flaum- og skredfare i arealplanar»: «Det vil i dei fleste tilfelle vere tilstrekkeleg å sette av soner på minimum 20 meter på kvar side av bekkar og 50-100 meter på kvar side av elvar for å dekke område med potensielle flaumare». Fylkesmannen meiner kommunen skal nytte kommuneplanen til å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå bekkar og elvar. For mindre vassdrag/bekkar kan kommunen til dømes gje ei generell føresegn om vurdering av flaum- og erosjonsfare i område innanfor 20 meter frå vassdraget. Kommunen

må sørge for tilstrekkeleg tryggleik mot flaum frå vassdrag, inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

ROS-analysen avdekkar at kommunen har område med fare for ustabil grunn. Tre område i kommunen blir spesielt peika ut; Bruhagen, Kristvika og Hestvika. Kommunen er klar over kvikkleirefare, og skal mellom anna kartlegge risiko for kvikkleireskred. Det blir òg skrive at vurdering av grunnforhold skal utførast ved detaljreguleringsprosess. Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette er fylgt opp i kommuneplanen. NVE sin rettleiar «Sikkerhet mot kvikkleireskred» gjev mellom anna informasjon om korleis utgreiing av kvikkleirefare kan tilpassast kommuneplannivå. Fylkesmannen vil tilrå at område med potensiell fare for kvikkleireskred markerast som omsynssone med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Dersom det er vanskeleg å avgrense dei potensielt fareutsette områda, kan kommunen fastsette generelle føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred. Til dømes kan kommunen, som skildra i ROS-analysen, krevje geoteknisk utgreiing av kvikkleireskredfare ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknad om byggjeløyve. Dette er spesielt viktig i område under marin grense. Fylkesmannen har **motsegn** inntil det er tatt tilstrekkeleg omsyn til avdekka fareområder.

Det er gjort ei vurdering av høgspenliner i kommunen og faren for elektromagnetisk stråling knytt til desse. Vi oppmodar kommunen å nytte kommuneplanen til å sette krav til tryggleik mot elektromagnetisk stråling. Som ROS-analysen skildrar, bør det unngåast at bygg får magnetfelt over utgreiingsnivået på 0,4 mikrottesla (μT). Fylkesmannen meiner kommunen skal nytte kommuneplanen til å sikre at bygg tilrettelagt for varig opphald ikkje er tillat i område med magnetfelt over 0,4 μT . Dette kan gjerast ved å teikne inn omsynssone rundt høgspenlinene og knytte føresegn til desse som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Eventuelt kan ein nytte planføresegnene til å krevje at bygg tilrettelagt for varig opphald ikkje er tillat i områder der magnetfeltet overstig 0,4 μT . Inntil dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vidare meiner vi det er bra at kommunen har nytta planføresegnene til å krevje at leikeplass og uteopphaldsareal ikkje skal plasserast i nærleiken av høgspenliner.

Fylkesmannen meiner at kommunen har gjort eit godt arbeid med den forenkla ROS-analysen. Vårt inntrykk er at analysen gjev god informasjon om mogleg risiko og sårbarheit i kommunen. Vi vil derfor oppmode kommunen til i større grad nytte informasjonen, og forslag til tiltak, i kommuneplanen. Vidare vil vi oppmode kommunen til å kartfeste informasjon der dette er mogleg. Kartfesting gjev god oversikt, og gjer at fleire faktorar kan sjåast i samanheng. Kartfesting av risiko og sårbarheit kan gjerast enten ved at avdekt risiko/sårbarheit teiknast som omsynssoner i plankartet, eller ved å utarbeide temakart som er koplta til planen sine føresegner.

Føresegner

I all hovudsak er det lagt opp til at juridisk bindande føresegner er ramma inn, medan retningslinjer er tekst utanfor ramme. Dette er grep som gjer dokumentet tydeleg og lett å lese for alle. Vi rår til at dokumentet blir eintydig på dette området.

Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til kommuneplanen sin arealdel på følgjande punkt:

1. Støykrav må gjevast i føresegna og støy må synleggjerast i planen
2. Krav til leikeareal må vere i tråd med føringane gitt RPR barn og unge
3. Område 74; 75 på Helset - grønstruktur med tilretteleggingstiltak i konflikt med naturverdiar kring Helsetvatnet

4. Område 11 på Kvernes – utfordringar med støy ved utviding av skytebane
5. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot stormflo og havnivåstiging
6. Aktsemdssoner for skred skal merkast i eige kart som omsynssoner, med tilhøyrande føresegner
7. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum frå vassdrag
8. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot område med fare for ustabil grunn
9. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot elektromagnetisk stråling

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
Direktør

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Gunvor Fossholt Ytterstad, tlf. 71 25 84 06

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde

Direktoratet for mineralforvaltning, Leiv Erikssons vei 39, 7441 Trondheim